

Arbeid nær høgspenkablar eller linjer

Id: Instruks 06.46

Eigar: Driftsleiar

Tittel: Arbeid nær høgspenkablar eller linjer

Revisjon: 09.2021

Formål: Å ivareta tryggleiken ved graving nær høgspen.

Omfang: Instruksen gjeld alle anleggsområde i konsesjonsområdet til Sygnir AS.

Ansvar og oppfølging: Alle som skal utføre gravearbeid, i Sygnir sitt konsesjonsområde, har plikt til å levere gravemelding, som skal vere signert og datert av både Sygnir og kunde før arbeidet startar. Webløysinga for Gravemelding skal nyttast.

Omtale

1. Løyve til graving

- Ved behov for kabelpåvising må Sygnir ha beskjed minst tre arbeidsdagar før.
- Kunden eller representant for kunden skal vere til stade ved påvising. Kunden skal signere for utført kabelpåvising og vere norsktalande. Det er kunden sitt ansvar å vedlikehalde dei merka som viser kvar det er kablar.
- Gravemeldinga og eventuelt påvisingsskjema skal oppbevarast på arbeidsstaden, t.d. i gravemaskina, av den som utfører arbeidet så lenge gravearbeidet pågår.
- Minste tillate avstand for maskingraving er 1,5 meter frå påvist yttergrense.
- Ved graving/trenching eller kryssing av høgspenkablar nærmare enn 1,5 meter skal det være godkjent leiar for sikkerheit til stades. Krav om leiar for sikkerheit kan **kun** fråvikast etter Sygnir si risikovurdering.

2. Reglar ved behandling av kablar eller kabeltrasear

- Kabeltraseen skal tines. Det er ikkje lov til å bruke telebrekker i nærleiken av kabeltrase.
- Kablar avdekkast for hand
- Det må risikovurderast om avdekking skal føregå i spenningslaus tilstand.
- For å unngå strekkbelastning på kablar som heng fritt ved avdekking, må kablane understøttes forsvarleg.
- Det er ikkje lov å sprengje i nær kabeltrasear.

- All skade på våre kabelanlegg eller følgeskade som skuldast graving eller liknande vil skadevolderen bli stilt økonomisk ansvarleg. Dette gjelde og kostnader som straumkundar måtte bli påført i jamfør KILE-forskriftene.
- Før tildekking av kablar etter graving /blottlegging skal kabel og stamping ALLTID kontrollerast av Sygnir. Her må entreprenøren regne med litt ventetid, derfor tilrår vi at avtale om kontroll må skjer i god tid.

3. Anleggs- og skogsarbeid

- Kontakt Sygnir for løyve før arbeid nærmare enn 30 m frå høgspenninglinjer, slik at farlege situasjonar ikkje oppstår.
- Det er ikkje lov å lagre tømmer, masse eller reiskap nær eller under høgspenningslinje.
- Skader på Sygnir sine anlegg kan medføre erstatningsansvar.

4. Om uhellet er ute

Kjem køyretøy i kontakt med høgspenningslinje skal du gjere følgjande:

- Varsle Sygnir på tlf. 576 98 602 så raskt som mogleg (vakt 24 timar i døgnet)
- Ved fare for liv og helse ring 110 (brannvesen), 112 (politi), eller 113 (ambulanse)
- Bli sitjande i køyretøyet til straumen er slått av
- Sørg for at ingen kjem i kontakt med køyretøyet
- Om du må forlate køyretøyet på grunn av brann, hopp ned på bakken med bena godt samla. Unngå kontakt med køyretøy og jord (bakken) samtidig. Fjern deg frå køyretøyet ved å hinke eller gå med små skritt, for å unngå «skrittspenning».

5. Trefall over høgspenningslinje

- Ikkje prøv å fjerne treet. Unngå å komme i berøring med treet
- Varsle Sygnir AS på tlf. 576 98 602 så raskt som mogleg.
- Ved fare for liv og helse ring 110 (brannvesen), 112 (politi), eller 113 (ambulanse).

Sett ut vakt inntil linja er kopla ut, slik at ikkje andre kjem i kontakt med treet eller leidning som har falle ned og kan vera straumførande.